

Norske Naturterapeuters Hovedorganisasjon styrkar og skjerpar sine fagkrav –

## Set pasienttryggleik og fagkompetanse i sentrum

- Som eit ledd i NNHs kvalitetssikring av studietilbud/utdanningar og krav til faglig nivå i grunnleggjande allmenndanande basisfag, har sentralstyret gjort vedtak om at utdanning i Naturmedisinsk grunnutdanning og Generelle fag/VEKS-fag, i tillegg til nåverande krav i Grunnmedisin, skal vera gjeldande for terapeutmedlemskap for utdanningar som startar etter 1. januar 2010. Det seier leiar i NNH, John Petter Lindeland.

- Saborgs sitt konsensusvedtak når det gjeld fagplan i VEKS-fag, vil bli implementert i Utdanningsdokumentet. Timeomfanget for denne fagplanen er sett til minimum 50 undervisningstimar. Det er viktig for undervisningsinstitusjonane å vera klar over at dette er eit minimum, og at omfanget bør tilpassast dei ulike terapiformene. NNH gjer også merksam på at Generelle fag i Utdanningsdokumentet inneheld fleire fagemne som kjem i tillegg til Saborg sin VEKS-fagplan.

Lindeland kan opplysa at mange undervisningsinstitusjonar alle-reie har fragmenterte studietilbud i desse nemnde basisfaga.

- Vedtaket er eit ynskje om ei synleggjering av dei ulike elementa i studieplanar. Også krav om behandlingpsykologi, ernæring og naturmedisinsk grunnforståing har vore gjeldane for mange terapiformer i lengre tid. Ei synleggjering er eit signal til undervisnings-



John Petter Lindeland, leiar NNH.  
Foto: Christel Slettli Hansen/NIFAB

institusjonane om å ta på alvor dei rettane studentar har når det gjeld informasjon om studieemne og omfang, klageorgan og ryddige administrative rutinar.

- NNH er av den meining at høgare og skjerpa krav til utdanning, styrkar pasienttryggleiken og fagkompetansen til den einkilde terapeut, seier han.

- Dette vil igjen føre til trygge terapeutar, styrking av næringsgrunnlaget i bransjen og føra til ei kvalitetsutvikling innan undervisningssektoren, uttalar Lindeland. Å inneha ein brei og allsidig naturmedisinsk kunnskapsbase, aukar sjansen for at ein kan hjelpe fleire pasientar både i eigen praksis, men også vera støttespelar når det gjeld å orientera seg mot andre helsefremjande tiltak.

Lindeland synder vidare til at ein på NNH si internettside [www.nnh.no](http://www.nnh.no), under Utdanning – Studietilbud/Utdanning, vil finna ei liste over undervisningsinstitusjonar som har godkjente studieplanar/utdanningar kvalitetssikra av NNH eller søknader som er under behandling/handsaming.



### VI TRENGER ANNONSESELGER

Kunne du tenke deg å selge annonser for Naturterapeuten?  
Ta kontakt med NNHs hovedkontor eller redaksjonen for nærmere vilkår!